



**Protokoll frå
styremøte 23.04.09, Oslo**

Til stades:

Nils Øyvind Bergset
Knut Erik Godtland
Torunn Raftevold Rue
Marte Frihetsli

Åshild Vetrhus , styreleiar i NFD, var til stades under delar av møtet.

Fra adm:

Magnar Sundt
Jorun Hagen (delvis)

Forfall:

Jon Ellingsen
Solbjørg Tveiten
Mari Eggen

Styremøte 23. april 09.

SAKLISTE

- Sak 29 Referatsaker
- Sak 30 Folkelarm; visjonsdokument, showcasejury og platepris
- Sak 31 Evalueringsrapport frå Folkelarm 2008
- Sak 32 Arrangør av Landskappleiken 2011
- Sak 33 Reglement NM i folkemusikk; presisering
- Sak 34 Fellesmøtet med NFD
- Sak 35 Landsfestivalen 2010. Lokal arrangør
- Sak 36 Torkjell Haugeruds Minnefond
- Sak 37 Regionale kompetansesenter for rytmisk musikk
- Sak 38 Arbeidsprogrammet for 2009

Styresak 29 / 09**Referatsaker**

1	Dagleg leiar	Referat frå årsmøte i Sogn og Fjordane folkemusikklag
2	Seljord spelemannslag	Årsmelding for 2008
3	Det Kongelige hoff	Årsmelding for 2008
4	Rådet for folkemusikk og folkedans	Varsel om representantskapsmøtet 2009 fastsett til torsdag 15.- fredag 16. okt., Trondheim
5	Grasrotandelen	Orientering om tildeling til folkemusikklag så langt
6	Dagleg leiar	Samstemt; Orientering om arbeid med framlegg til statsbudsjettet 2010
7	Dagleg leiar	Orientering om stoa for det nye data kappleikprogrammet
8	Kontormedarbeidar	Orientering om status for medlemsgiroar og utsending av krav på medl.kontingent for 2009

Styresak 30 / 09**Folkelarm**

1. visjon og mål
2. juryarbeid showcase
3. platepris

Vedtak:

Arbeidsutvalet får fullmakt til å fullføre arbeidet med desse dokumenta saman med Elisabeth.

Styresak 31 / 09 Evalueringsrapport Folkelarm 2008

Styret har tidlegare hatt ei munnleg evaluering av Folkelarm. Den skriftlege evalueringsrapporten vart utdelt under møtet.

Styret skal også få tilsendt ein elektronisk rapport.

Saka blir tatt opp att til endeleg behandling på neste styremøte.

Styresak 32 / 09**Søknad om å arrangere Landskappleiken 2011**

Seljord spelemannslag har søkt om å få stå som lokal arrangør av Landskappleiken 2011. Landskappleiken og Landsfestivalen fram til og med 2011 vart lyst ut 13.07.07 med frist 1. oktober same år. Seinare har utlysinga vore gjentatt på nettsider og gjennom medlemsinfo.

Ingen andre lag har meldt interesse for å arrangere Landskappleiken i 2011.

Styret fatta slikt:

Vedtak:

Seljord spelemannslag får tildelt Landskappleiken 2011 under føresetnad av at ein blir einige om kontrakt.

LfS går i forhandlingar med den standardkontrakten som med små justeringar har vore brukt sidan 2006.

(*Torunn Raftevold Rue var inhabil i denne saka og stemte ikkje.*)

Styresak 33 / 09 NM i folkemusikk ; Justering av reglementet

Vi har fått fleire reaksjonar på reglementet for NM i folkemusikk når det gjeld lagspel. Reaksjonen går på at det ikkje er mogleg å stille med hardingfele i eitt lag og vanleg fele i eitt anna lag slik reglementet no er utforma.

Reglementet for lagspel seier;

- Eitt lag er definert som minimum 5 personar og utan ei øvre grense.
- Laga må vere medlemslag i LfS.
- Ingen utøvar kan delta i meir enn eitt lag, med unntak av deltakarar i juniorklassen, deltakarar i definerte studentspelemannslag og musikalsk leiar.
- I lagspel skal fele/hardingfele vere berande instrument, men utover dette er det ingen avgrensingar i type instrument.
- Laga spelar 2 slåttar i ein kvalifiseringsrunde til eit finalespel til dans.
- Før 1. melodi spelar dei ein slått som lydprøve.

Reglementet her samsvarar ikkje med det som gjeld for gruppespel – der ein kan delta fleire gonger viss ein berre spelar eit anna instrument.

Til vanleg – med eigne klassar for fele og hardingfele – har ikkje dette vore eit aktuelt tema, og det er nok også derfor at ein har oversett denne problemstillinga. Spelemannslag som har både fele- og hardingfeletradisjon, har stilt opp i begge klassane på LK.

Vedtak:

Reglementet for lagspel blir enda til :

(kulepunkt 3) "Ingen utøvar kan delta i meir enn eitt lag med same instrument, med unntak av deltakarar i juniorklassen, deltakarar i definerte studentspelemannslag og musikalsk leiar.

Styresak 34 / 09 Førebuing av felles styremøte med NFD

A) Høyringsrunde blant laga

Ei oppsummering av høyringsrunden blant medlemslaga vart lagt fram.
Eit grunnlagsdokument for organisasjonskomiteen

B) Gruppearbeid om ny organisasjon frå årsmøtet 2008

Oppsummeringa av gruppearbeidet på miniseminaret på årsmøtet om organiseringa under årsmøtet. vart lagt fram.
Eit grunnlagsdokument for organisasjonskomiteen.

C) Sakliste til fellesmøtet

Gjennomgått og førebudd.

Styresak 35 / 09 Landsfestivalen 2010

Oppfølgjing av sak frå det førre møtet.

Vi manglar framleis arrangør av Landsfestivalen i 2010. No hastar det verkeleg å få på plass ein lokal arrangør viss det skal bli nokon landsfestival det året.

Ingen interesserte har meldt seg.

Vi har hatt ute nokre fólarar direkte mot moglege arrangørar utan å få noko "napp".

Vedtak frå det førre styremøtet:

Styret vil spørje direkte nokre lag ein meiner kan vere aktuelle kandidatar og fordele oppgåver over kven som spør kven.

På dette grunnlaget vil ein ta saka opp att på neste styremøte.

Styret gjennomgikk dei kontaktane som er gjort.

Vedtak:

Styreleiar og dagleg leiar jobbar med nokre potensielle aktuelle arrangørar.

Absolutt deadline for om det blir nokon festival i 2010 er innan NM i folkemusikk på Geilo.

Elles må vi reise ein debatt i det offentlege rom rundt vanskane med å få framtidige arrangørar.

Saka blir tatt opp att på neste styremøte.

Styresak 36 / 09 Torkjell Haugeruds Minnefond

(Dette er sak 26/09 tatt opp på nytt etter at saka vart utsett på det førre møtet.)

Torkjell Haugeruds Minnefond har eit styre på 3 medlemmer vald av Telemark Ungdomslag, Telemark folkemusikklag og Landslaget for Spelemenn.

Jan Lislien har gitt melding om at han gjerne ser at styret i LfS oppnemnar ein ny styremedlem. Sjølv om jobben i fondet er heller beskjeden.

Styret må velje ein ny medlem for 2009 – 2012 (4 år).

§2 i vedtekten seier at "*Fondet skal ha eit styre på 3 medlemer. Two av desse skal vere frå Telemark. Styret for Telemark fylkeslag for spelemenn skal velje ein og styret for Telemark ungdomslag ein. Tredje styremedlem skal styret i Landslaget for Spelemenn velje. Desse tri styri kan ikkje velje nokon av sine eigne styremenn.*

Styremedlemene skal veljast for 4 år om gongen, men berre eit medlem skal stå på val år for år"

Vedtak:

LfS oppnemner Aud Manheim som sin representant i Torkjell Haugeruds Minnefond for 2009 – 2012.

Styresak 37 / 09 Regionale kompetansesenter for rytmisk musikk

Dagleg leiar blei på det førre styremøtet bedt om å legge fram ei orientering og ein statusrapport om arbeidet med regionale kompetansesenter (kompetansenettverk).

Til møtet vart desse dokumenta lagt fram:

- 1) Referat frå eit telefonmøte 16.03 med deltagarar frå alle folkemusikksentra som har søkt statleg støtte
 - 2) Referat frå møte i Bergen 26.- 27. mars der deltagarar frå både jazz, rock og folkemusikk var til stades.
 - 3) Dokument som sjangerorganisasjonane la fram overfor Kulturdepartementet i møte 26. januar med forslag til fordeling av midlar for 2009.

Saka blir tatt opp igjen på neste styremøte.

Styresak 38 / 09

Arbeidsprogrammet for 2009

Ein gjennomgang av arbeidsprogrammet vart det ikkje tid til.

Nils Øyvind Bergset
sign.

Knut Erik Godtland
sign.

Torunn Raftevold Rue
sign.

Marte Frihetsli
sign.

Magnar Sundt
referent